



Helse- og omsorgsdepartementet
postmottak@hod.dep.no

Vår ref.
09/42- 52/ // BEW

Dykkar ref.

Dato:
07.03.2012

Høyringsuttale frå Stryn kommune til HOD sitt framlegg til revidert fastlegeforskrift

Stryn kommune gjev fylgjande høyringsuttale til framlegg om revidert fastlegeforskrift:

- Fastlegeordninga si sentrale rolle i kommunen si helseteneste tilseier at det er fornuftig å forskriftsheimle tydlegare kommunen sitt ansvar for ordninga og understreke fastlegane sitt samfunnsoppdrag.
- Intensjonane i framlegget er god om ei legeteneste som er betre integrert i kommunen si samla helse-og omsorgsteneste. Det er naudsynt for å nå målsettingane i samhandlingsreforma.
- For å nå desse måla er det trong for styrking av legetenesta. Legane må i større grad ta del i det førebyggjande helsearbeidet og det er trong for styrka ressursar til allmennlegeoppgåver ut over kurativ praksis.
- Detaljeringsgraden i framlegget er for stor og bidrar neppe til utviklande samarbeidsklima mellom kommune og legetenesta.
- Ein del av innhaldet eignar seg betre for forhandlingar og avtaler enn for forskrift med strenge juridiske krav.
- Det er viktig at det ikkje vert gjort grep som skapar fleire problem enn dei løyser. Det er trong for tettare dialog med legane i den vidare prosessen med forskrifta.
- I sum synest alle krava i forskrifta å vere urealistisk å gjennomføre og det er grunn til å stille store spørsmålsteikn ved om dei fører til rett prioritering og rett tids- og ressursbruk .
- Det er ikkje urimeleg å stille funksjons- og kvalitetskrav til fastlegane som utøver si private næringsdrift på oppdrag frå kommunane som har ansvaret for at pasientane har tilgang til naudsynte legetenester . Tenesta er dessutan i hovudsak offentleg finansiert. Kva for krav som er føremålstenlege å stille er ei heilt anna sak og formuleringane i framlegget er både for bastante , detaljerte og unyanserte på fleire punkt, t.d. det som gjeld tidskrav for vurdering og time for konsultasjon.
- Fastlegane vert i forskrifta gitt eit nokså altomfattande ansvar som truleg er lite føremålstenleg i mange høve, t.d. når det gjeld medisinsk fagleg koordinering og oppfølging. Fastlegen må vere forplikta til å delta i tverrfagleg samarbeid og ha ansvar for dei medisinsk faglege opplegget, men andre vil i mange saker betre kunne ta i vare koordineringsoppgåver og vere det faste kontaktpunktet for pasienten.

Postadresse/besøksadresse:
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Org.nr: 963 989 202

Banksamband
Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

- Det er bra at medisinsk-fagleg rådgjeving er innlemma i allmennlegeoppgåver som kommunen kan tilplikte.
- Dei mange krava til fastlegen si oppfølging av listepasientane, heng dårleg saman med oppretthalding av gjeldande norm for listelengde ved heil kurativ praksis.
- Konsekvensen av framlegget synest klart å vere trong for fleire fastlegeheimlar for å kunne innfri alle krava. Det er difor underleg å registrere at det i høyringsnotatet er konkludert med at forskrifta ikkje vert vurdert å gje økonomiske og administrative konsekvensar for kommunane.
- Kommunen er uroa over dei økonomiske verknadene av forskrifta og er i mot å auke kommunane sitt finansieringsansvar .
- Kommunen er skeptisk til innføring av økonomisk sanksjonssystem ved brot på den type reglar som forskrifta omfattar. Det vil truleg gje feil fokus og vere særskilt krevjande å følgje opp. Det vil i tilfellet krevje eit grundig regelverk.

Høringsuttalen er handsama i rådet for eldre og pesonar med nedsett funksjonsevne, i helse-og sosialutvalet og med endeleg vedtak i formannskapet sak FO-043/12 av 21.03.2012